



BYGLAND KOMMUNE
Sentrum 18
4745 BYGLAND

Dato: 10.01.2025
Vår ref: 23/15498-8
Dykkar ref:
Saksbeh.: Silje Kringeland

DS BJOREN - LACX - FORSLAG OM FREDING MED HJEMMEL I LOV OM KULTURMINNE AV DEN 9. JUNI 1978 NR. 50 § 14A JF. FORVALTNINGSLOVEN KAP. IV - HØRING

Agder fylkeskommune viser til varsel om oppstart av freding av DS «Bjoren» datert 02.04.2023 som har vært på høring hos involverte parter og instansar.

I medhald av lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne § 14a foreslår Agder fylkeskommune å frede DS Bjoren – LACX.

Omfanget av fredinga:

Fredinga etter kulturminnelova § 14a omfattar heile fartøyet med fast inventar og fastmontert utstyr slik dette framkjem i skildringar og på foto i fredingsdokumentasjon.

Føremålet med fredinga:

Målsettinga er å ta vare på eit representativt utval fartøy frå alle kategoriar gjennom freding. Fredinga av «Bjoren» vert grunngjeven med fartøyet sine kultur- og kjeldehistoriske verdiar knytt til samferdslehistoria generelt, og i Setesdalen spesielt. Slik er også hovudtrekka i historia om «Bjoren» svært lik historia om mange av dei andre fartøya som gjekk i trafikk på innsjøar, elvar, kanalar og liknande her i landet. Fartøyet representerer ei teknisk historisk utvikling i samfunnet, samstundes som ho og formidlar ei viktig maritim innlandshistorie kvar sumar som kulturhistorisk båtrote på Byglandsfjord.

Generelle føresegner:

Fredingsføresegnene er utforma i samsvar med fredingas formål og gjelder i tillegg til kulturminnelovas føresegn om vedtaksfreda fartøy.

1. Fartøyet sitt eksteriør, konstruksjon, arrangement eller originalt fast inventar skal ikkje endrast.
2. Utsifting av material, endring av overflater eller anna arbeid ut over vanleg vedlikehald er ikkje tillate. Opphavlege fargar skal bevarast.
3. Alt vedlikehald og istandsetjing skal skje i samsvar med føremålet med fredinga. Dette medfører bruk av tradisjonelle material og etter dei metodar som er i tråd med den tidsepoken som ligg til grunn for fredinga.
4. Eventuelle pålegg frå Sjøfartsdirektoratet, Mattilsynet eller andre offentlege styresmakter som medfører fysiske endringar av det freda fartøyet skal ikkje gjennomførast med mindre tiltaket er

godkjent av fylkeskommunen.

5. Fredinga skal ikkje vera til hinder for vidare drift av fartøyet.

Følgjer av fredinga:

For handsaming av freda båtar syner vi til kulturminnelova §§ 14a, 15a, 16, 17 og 18, samt til fredingsføresegnene over.

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve/dispensasjon til å setje i gong alle former for tiltak som går ut over vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova § 14a tredje ledd og § 15a. Dette gjeld også eventuelle tiltak som skuldast pålegg frå Sjøfartsdirektoratet, Mattilsynet eller andre offentlege styresmakter.

Fylkeskommunen kan i særskilde høve gje dispensasjon frå fredinga og fredingsføresegnene for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet. Søknad om løyve skal sendast til fylkeskommunen. Oppstår det tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald skal fylkeskommunen likeins kontaktast.

Eigar har ansvar for det vanlege vedlikehaldet av det freda skipet. Fartøyet skal handsamast som om det var freda inn til spørsmålet om freding er endeleg avgjort. Dersom det er planar om endringar i interiør eller eksteriør skal fylkeskommunen varslast på førehand dersom dette ikkje kan reknast som vanleg vedlikehald.

I føreskrift av 9. februar 1979 om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova, § 12 nr. 1 har departementet delegert mynde til Riksantikvaren etter lova sine §§ 14a (freding av båtar), 15a (dispensasjon) og 22 nr. 4 (mellombels freding).

Likeins er Riksantikvaren gitt mynde etter same føreskrift § 1 nr. 1 dersom kulturminnelova §§ 16-18 kjem til bruk i samband med ein freda båt. Kulturminnelova §§ 16-18 gjeld pålegg om utbetring ved skade, vedlikehald og skade ved brann og gjeld for freda båtar så langt desse høver.

Bakgrunn for fredingssaka:

Bjoren er ein dampslupp, og representerer den tidlege trafikken på vassvegane i innlandet. Samstundes vitnar den om ei utvikling som var gjengs for trafikken på mange vatn, der dampsluppene med tida vart ombygde og innebygde og var i bruk like lenge som rutene vart oppretthaldne.

Saman med dei øvrige freda fartøya på innlandet – «Skibladner» på Mjøsa, «Storegut» og «Ammonia» på Tinnsjøen, og «Turisten» på Haldenkanalen – bidrar «Bjoren» til å gi eit meir heilskapleg bilete av båtferdselen på ferskvatn i Noreg i tidsrommet 1856 til 1956.

Skildring og historikk:

D/S «Bjoren» vart levert frå Akers Mekaniske Verksted til Dampskibsselskapet Bjoren og Dølen i 1867 for passasjertrafikk på Kilefjorden. Dampsluppen var opphavleg 52 fot lang og hadde ei dampmaskin på 14 hk. Same dag som «Bjoren» vart sjøsett i Kilefjorden gjekk søsterskipet «Dølen» av stapelen i Byglandsfjorden. Slik vart det klart for rutetrafikk i korrespondanse mellom dei to båtane. Før slusa i Storstraum opna i 1869, var Bygland reisa sin siste stoppestad. Ved hjelp av Storstraum sluse kunne båtane gå inn i øvre del av Byglandsfjorden, og vidare nordover til Ose der den gamle skysstasjonen hadde losji for dei reisande.

Samtrafikken mellom «Bjoren» og «Dølen» gjekk sin gang i om lag 30 år, før Setesdalsbanen i november 1896 opna frå Kristiansand til Byglandsfjorden. No vart «Bjoren» overflødig på Kilefjorden, og etter kort tid utan arbeid vart dampbåten delt i to og frakta med hest og kjerre på dei dårlege vegane til Byglandsfjorden der han skulle gå i rute saman med «Dølen». Dampmaskina vart frakta med jernbanen. Vel framme ved Byglandsfjorden vart båten forlenga

med seks fot og klinka saman att. «Bjoren» vart heilt på grensa av den lengda som kunne passere gjennom slusa i Storstraum.

På same vis som D/S «Skibladner» var ei forlenging av hovudbana Christiania-Eidsvoll, var «Bjoren» og «Dølen» ei forlenging av Setesdalsbanen på vatn. Opphavleg hadde «Bjoren» berre eit sol- og regntak som overbygg, men i 1887 fekk fartøyet oppført eit styrhus midtskips. Utover 1900-talet ynskte Dampskibsselskapet Bjoren og Dølen seg eit nytt og større fartøy som kunne gå på fjorden, og då det utvida sluseanlegget sto klart i 1912 låg tilhøva til rette. Men det vart aldri noko nytt og større dampskip på Byglandsfjorden. Derimot satsa selskapet på «Bjoren», og i 1914 vart dampskipet omfattande modernisert hjå Kristiansand Mekaniske Verkstad.

Dampskibsselskapet Bjoren og Dølen hadde dei to dampsluppene «Bjoren» og «Dølen» i trafikk på Byglandsfjorden fram til 1930, då verksemda vart avvikla. Olav Frantsen Syrtveit tok over båtane i 1931 og heldt fram med rutefarten fram til 1957. Då var det kome veg på vestsida av Byglandsfjorden og driftsgrunnlaget for båttrafikken var borte. «Bjoren» gjekk etter dette i opplag. I 1963 fekk «Bjoren» ny eigar, og i nokre år gjorde båten teneste som kafé ved campingplassen på Ose.

Bygland kommune overtok eigarskapet i 1978 og sette i gang ein aksjon for å berge fartøyet, som då låg delvis under vatn ved kai i Byglandsfjorden. Restaureringa gjekk føre seg ved Drammen Skibsreparasjoner A/S, under fagleg leiing av Riksantikvaren. «Bjoren» vart sjøsett på nytt i Byglandsfjorden i 1994, og i dag ser fartøyet ut slik det gjorde etter ombygginga i 1914.

Oversyn over sakshandsaminga fram til freding:

Varsel om freding:

Varsel om oppstart av freding ble sendt alle parter 19.09.2013. Grunna lang behandlingstid hjå Riksantikvaren blei det derfor sendt ut nytt melding om oppstart av freding 02.04.2023.

Det er mottatt 3 høyringssvar til melding av 02.04.2023 frå Samferdselsdepartementet og fra en privatperson med interesse for fartøyet.

Samferdsledepartementet har ingen merknader.

Carl Fredrik Thorsager har 2 nyttige og gode faglige innspill.

Den vidare sakshandsaminga av fredingsforslaget:

Agder fylkeskommune har utarbeide et forslag til freding som legges ut på offentlig høyring hjå eigar, berørde parter og interessentar. Kunngjeringa offentliggjerrast i Norsk Lysingsblad, Setesdølen, Fevennen samt Agder fylkeskommunes heimesider.

Dykk kan gje tilbakemelding på høyringa av fredningssaka innan 22. februar 2025.

Eventuelle merknader og innspel sendes elektronisk til postmottak@agderfk.no, eller pr. brev til Agder fylkeskommune
Postboks 788 Stoa
4809 Arendal

Venleg merk tilbakemeldinga med følgande referanse: 23/15498

Prossessen

Etter utløpet av høyringsfristen vil alle innkomande merknader bli vurdert og kommentert. Fredningsforslaget vil deretter bli sendt til Riksantikvaren for endeleg behandling.

Vi ber om at fartøyet vert handsama som freda fram til fredingssaka er ferdig. Dersom ein vil setje i verk tiltak som vil medføre endringar, eller som er meir omfattande enn vanlig vedlikehald, ber vi om at det vert teke kontakt med Agder fylkeskommune.

I medhald av kulturminnelova § 22 nr. 4 kan kulturminnemyndigheita gjere vedtak om mellombels freding inntil saka er avgjort, dersom dei verdiane fredinga skal vareta, vurderast som trua.

For nærmare informasjon om fredingsprosessen viser vi til informasjon på Riksantikvarens heimeside <https://www.riksantikvaren.no/veileder/fredningssak-frem-til-vedtak/>

Interesserte kan og få tilgang til ytterlegare informasjon om fredingssaka ved å vende seg til Agder fylkeskommune v/rådgjevar Silje Kringeland, på e-post silje.kringeland@agderfk.no.

Med helsing

Hege Kristin Martinsen
Konstituert avdelingsleiar
Kulturminnevern og kulturturisme

Silje Kringeland
Rådgjevar
Kulturminnevern og kulturturisme

Brevet er godkjend elektronisk.

Kopi til: EVJE OG HORNNES KOMMUNE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET
RIKSANTIKVAREN (Datterselskap)
SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
SJØFARTSDIREKTORATET
NORSK MARITIMT MUSEUM
SETESDALSMUSEET IKS
NORSK FORENING FOR FARTØYVERN